


SEKOM-sekretariat

Årsmelding 2019



Handsaming

Dato:

Saksnummer:

Referanse: 20/451

Organisering

Ut 2019, var SEKOM-sekretariat interkommunal verksemd etter kommunelova § 27 med kontor i Førde rådhus. Det var 15 deltakarkommunar og kvar av kommunane hadde ein styrerepresentant.

Sekretariatet sitt føremål / oppgåve (vedtektene § 3):

Sekretariatsamarbeidet har som føremål/oppgåve å syte for at kontrollutvala i deltakarkommunane får naudsynt bistand til å få utført kontrollutvalsoppgåver slik det kjem til uttrykk i kommunelova kap. 12 § 77 og forskrift om kontrollutval for kommunar og fylkeskommunar av 15.06.2004.

Nokre av styret sine oppgåver etter § 6 i vedtektene::

- Vedtak av budsjett
- Fastsetjing og godkjenning av årsrekneskap
- Fordeling av kostnadane på kommunane etter vedteken fordelingsnøkkel
- Utarbeide årsmelding som sendast deltakarkommunane

Omdanning pr 1.1.20

Frå og med 1.1.20 er SEKOM omdanna etter ny kommunestruktur og ny kommunelov. Det er no 9 eigarkommunar og selskapet er organisert som kommunalt oppgåvefellesskap.

Styre og arbeidsutval

Styret pr 31.12.19

Kommune	Fast medlem	Personleg varamedlem
Askvoll	Jorunn Blom Aalen, nestleiar	Oddbjørn Aalen
Bremanger	Björg Kleiven	Stig Bakke
Eid	Vigdis Heimdal Reksnes	Øyvind Dyptveit
Fjaler	Magne Norddal	Anny Mari Holm Solheim
Flora	Terje Kjerpeset	Oscar Bergheim
Førde	Terje Engvik, leiar	Frode Gjerde
Gaular	Joar Aarnes	Kjerstin Haugsbø
Gloppen	Per Rune Vereide	Ragnar Eimhjellen
Gulen	Arnild Kjellefold	Aslak Nyhammer
Hornindal	Tom Øyvind Solheim	Ralf Bjarne Taraldset
Hyllestad	Randi Gåsdal	Ingunn Sognnes
Jølster	Inger Jorun Årseth	Arne Lesto
Naustdal	Ole Erik Thingnes	Johnny Gustavsen
Solund	Arne Leif Osland	Edel F Bontveit
Stryn	Rune Myklebust	Aud Jorunn Hool Egge

Leiar	Terje Engvik
Nestleiar	Jorunn Blom Aalen

Arbeidsutvalet pr 31.12.19

Medlem	Personleg vara nr 1	Personleg vara nr 2
Terje Engvik, leiar	Joar Aarnes	Inger Jorun Årseth
Jorunn Blom Aalen, nestleiar	Terje Kjerpeset	Ole Erik Thingnes
Per Rune Vereide	Rune Myklebust	Tom Øyvind Solheim
Vigdis Heimdal Reksnes	Arnild Kjellebold	Arne Leif Osland
Randi Gåsdal	Björg Kleiven	Magne Norddal

Møte og saker

Styremøte	Tal saker
04.04.2019	7
18.06.2019	7
12.09.2019	8
Sum	22

Arbeidsutvalsmøte	Tal saker
12.02.2019	5
18.06.2019	4
Sum	9

Stillingar og tilsette

Verksemda hadde 2 tilsette i 100% stilling: Dagleg leiar Arnar Helgheim og rådgjevar Audhild Ragni Vie Alme. Årsløna til dagleg leiar er pr 31.12.19 på kr 783.000,-.

Reiseutgifter for tilsette vert dekkja etter statens regulativ og andre utgifter etter dokumentert rekning. Tilsette følgjer dei til ei kvar tid gjeldande lover, forskrifter og avtaler i KS-området. For utfyllande reglar, har styret vedteke at SEKOM-sekretariat følgde reglementa i Førde kommune.

Arbeidsåret 2019

Styret vedtek budsjett og arbeidsplan for selskapet. Statusrapport frå dagleg leiar til styret om oppfølging av arbeidsplan er ikkje ein del av årsmeldinga til eigarkommunane, men ligg i saksutgreiinga som er tilgjengeleg på nettsida.

Vi har hatt til saman 90 formelle kontrollutvalsmøte med 567 saker i løpet av 2019. Etter vedtak i Stortinget, er det 4 nye kommunar som påverkar SEKOM-sekretariat sitt område. Kontrollutvala i nye Volda, Kinn og Stad hadde kvart sitt fellesmøte i 2019. Kontrollutvala i nye Sunnfjord kommune hadde 3 fellesmøte.

Revisjonsprosjekt i kommunane

Kommunestyra vedtok planar for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll i løpet av 2016 med mål om 4 revisjonsprosjekt i perioden. Utvala rapporterer gjennom eiga årsmelding til sitt kommunestyre / bystyre om kontroll- og tilsynsaktiviteten. Oppsummering av prosjekt:

Kommune	Levert / tinga
Askvoll	3
Bremanger	4
Eid	4
Fjaler	5
Flora *	9
Førde	4
Gaular	4
Gloppen	4

Kommune	Levert / tinga
Gulen	3
Hornindal	3
Hyllestad	3
Jølster	4
Naustdal	3
Solund	3
Stryn	4

*) Flora har hatt ein strategi i utvalet om mest andre rapportar enn forvaltningsrevisjon.

Endra kommunestruktur

Gjennom heile 2019, har selskapet arbeidd med avklaringar om framtidig sekretariatstruktur. Resultatet vart diverre med at SEKOM frå 1.1.20 berre har 9 kommunar som eigarar.

Feil grunnlag for avgjerder

Prosessane med val av sekretariat i Stad og Kinn var prega av at Vest kontroll oppgav feil opplysningar om eige selskap. Mellom anna ved å opplyse forventa kostnad langt under det deira eigen fordelingsnøkkel tilseier. Feil saksgrunnlag var med som grunnlag i fellesnemnd og kommunestyre trass i at SEKOM sekretariat sende dokumentert informasjon med dei rette opplysningane.

Prosessane er dokumenterte i SEKOM sitt arkiv.

Konsekvensane for SEKOM

Endring frå 15 til 9 eigarkommunar gav store utfordringar for SEKOM-sekretariat. Styret og dagleg leiar arbeidde med moglege løysingar parallelt med avklaringane frå samanslåingskommunar.

Budsjettet for 2020 vart lagt med om lag same tilskot frå dei gjenverande eigarane som før. Det betydde ein reduksjon tilsvarande ca 40% stilling som måtte løysast. Disposisjonsfond var avgjerande for at SEKOM kunne riggast for framtida på ein smidig måte. Utan det, måtte vi hatt avklaringar frå kommunane mykje tidlegare enn tilfellet var.

Frå mars 2020, har rådgjevar Audhild Ragni Vie Alme permisjon frå 40% av stillinga og arbeider hjå Sunnfjord kommune i denne prosenten. SEKOM ser på dette som den beste løysinga som var mogeleg i den aktuelle situasjonen.

For SEKOM er den mest ønskjelege utviklinga at fleire kommunar deltek slik at det på nytt vert rom for 2 heile stillingar.

Økonomi

Utdrag frå rekneskap 2019:

	Rekneskap 2019	Budsjett 2019 Revidert	Rekneskap 2018
Lønsutgifter	1 998 982	1 959 000	1 871 701
Andre utgifter	1 226 685	788 000	537 759
Brutto utgifter	3 225 667	2 747 000	2 409 460
Inntekter	-570 665	-92 000	-56 677
Netto (=overføring frå eigarane)	2 655 002	2 655 000	2 352 783

Pensjonskostnader

Pensjonskostnadane er den største usikkerheita i SEKOM sin økonomi. Pensjonsutgiftene var på kr 288.000 i 2019. Dette var ein auke på kr 36.000 frå 2018.

Selskapet dekker resten, på same måte som pensjonskostnader hjå eigarkommunane. Selskapet dekker reguleringspremie for ein høgare del pensjonistar enn det som er vanleg hjå kommunane. SEKOM-sekretariat kjem difor ut med høgare pensjonsutgifter målt i prosent av løna enn kommunane.

Avslutning av rekneskapen

Styret vedtok avsetjing av fond i budsjettet for 2019. Det vart også kravd høvesvis del av pensjonsforpliktingar frå dei kommunane som går ut av selskapet. Dette er også avsett som disposisjonsfond

Diponsisjonsfond	Beløp
Avsett 2015	50 000
Avsett 2016	40 000
Avsett 2017	50 000
Avsett 2018	50 000
Avsett 2019 - ordinær avsetjing	179 752
Avsett 2019 - kommunar som går ut	501 598
Sum balanseført pr 31.12.19	871 350

Ressursbruk

Vi fører timelister fordelt på kommunane og felles/administrasjon. Reiseutgifter til og frå kontrollutvalsmøte vert ført på fellesutgifter. Eigarkommunane har gjennom samarbeidsavtale, bestemt slik fordeling av driftstilskot til SEKOM-sekretariat:

- Fast del 25%
- Etter tidsbruk 25%
- Etter folketal 50%

Avrekning for 2018 er bokført på ein eigen balansepost. Siste kolonne i tabellen nedanfor viser samla avrekning som vert utført i 2020.

Kommune	Folketal 1.1.19	% tid	Tilskot 2019	Innbetalt 2019	Avrekning 2019	Avrekning 2018	Sum avrekning
Askvoll	3 038	5,7 %	-142 000	-149 000	-7 000	-23 571	-30 571
Bremanger	3 705	5,0 %	-149 000	-160 000	-11 000	-23 226	-34 226
Eid	6 151	8,9 %	-223 000	-206 000	17 000	-3 372	13 628
Fjaler	2 770	7,3 %	-147 000	-140 000	7 000	-15 856	-8 856
Flora	11 852	9,6 %	-339 000	-351 000	-12 000	-33 812	-45 812
Førde	13 092	11,3 %	-374 000	-358 000	16 000	-3 501	12 499
Gaular	3 027	5,7 %	-141 000	-140 000	1 000	-10 345	-9 345
Gloppen	5 836	7,2 %	-206 000	-205 000	1 000	-27 081	-26 081
Gulen	2 322	6,1 %	-130 000	-127 000	3 000	-15 101	-12 101
Hornindal	1 152	3,7 %	-91 000	-101 000	-10 000	-10 988	-20 988
Hyllestad	1 366	4,0 %	-97 000	-111 000	-14 000	-22 010	-36 010
Jølster	3 047	7,7 %	-155 000	-151 000	4 000	-7 916	-3 916
Naustdal	2 793	6,7 %	-143 000	-141 000	2 000	-12 319	-10 319
Solund	820	6,1 %	-101 000	-91 000	10 000	-731	9 269
Stryn	7 167	4,9 %	-217 000	-224 000	-7 000	-27 381	-34 381
Totalt	68 138	100,0 %	-2 655 000	-2 655 000	-	-237 210	-237 210

Andre tilhøve

Personvern

SEKOM sekretariat har slutta seg til felles personvernombod gjennom Forum for kontroll og tilsyn (FKT). Plan for informasjonstryggleik er vedteken av styret og personvernerklæring vedteken av dagleg leiar med heimel i planen. Personvern har også eigen meny på nettsida.

Likestilling

Det er ein kvinneleg og ein mannleg medarbeidar. Begge i 100% stilling. Styret var sett saman av 9 menn og 6 kvinner. I arbeidsutvalet var det 2 menn og 3 kvinner.

Arbeidsmiljø

Det har ikkje vore registrert fysiske skader eller ulukker i 2019. Selskapet har godt eigna lokale i Førde rådhus som er grunnlag for eit godt fysisk arbeidsmiljø. Lokalisering saman med ein kommuneadministrasjon gir også eit større arbeidsfellesskap, noko som er nyttig for eit selskap med berre 2 tilsette.

Ytre miljø

SEKOM-sekretariat si verksemd forureinar ikkje det ytre miljø.

Meir om SEKOM-sekretariat

Vi viser til sekretariatet sine nettsider: www.sekom.no. Her er mellom anna møteplan med sakliste og møtebok for styre, arbeidsutval og dei 15 kontrollutvala. |

Underskrifter

Representantskapet i SEKOM sekretariat



Kjell Eide
Nestleiar/møteleiar



Jenny Følling
Var for Olve Grotle



Frank Ask



Tor Inge Myrhol

Magnar Hellesøy



Beate Dybendal Nordvik



Øyvind Lid

(Solund, forfall)

Sven Flo